



**Deloitte AS**

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2015/17  
Vår dato: 20.04.2015

## **Partsbrev PS 17/15 - Tekniske tenester i Bømlo kommune - Godkjenning av prosjektplan**

Sjå vedtak i saka. Sekretariatet ber også om ei løypemelding i kontrollutvalet sitt møte den 12.5.2015.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Bømlo kommune  
Utvalseiar

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/17-2  
Sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                           | Saknr. | Møtedato   |
|---------------------------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet i Bømlo kommune | 17/15  | 15.04.2015 |

### Tekniske tenester i Bømlo kommune - Godkjenning av prosjektplan

#### Samandrag

##### Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalet sitt møte 17.2.2015 PS 12/15, under handsaming i møtet, vart dette protokollert:

##### **Bestilling av prosjektplan innan Tekniske tenester i Bømlo kommune:**

Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å levera ein prosjektplan i høve tekniske tenester i kommunen. Utvalet ber om å nytta «vegsaka i samband med Sollia Naustlag» som case. I denne samanheng bad sekretariatet om at kontrollutvalet sine medlemmer måtte vurdere habiliteten sin i høve denne saka.

Nestleiar Georg Lønning og medlem Svanhild Vespestad meinte dei kunne vera ugilde i saka. Lønning har ein svoger som er part i saka og Vespestad sin mann si tante er part i saka.

Kontrollutvalet vurderte samrøystes at Lønning og Vespestad er inhabil i saka.

Kontrollutvalet ber om at «vegsaka i samband med Sollia Naustlag» vert nytta som case i forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei ber revisor om å sjå spesielt på kommunen si sakshandsaming i saka, korleis fungerer prinsippet om likebehandling, er det lik informasjon til dei ulike partane i saka, korleis fungerer dei ulike rollane til kommunen, korleis fungerer kommunen sitt ansvar, er etikken i samsvar med kommunen sine bestemmelsar, er habilitetsreglane vorte fylgde.

Kontrollutvalet ber om å få prosjektplanen til møtet den 15.4.2015. Prosjektplanen bør såleis sendast til sekretariatet innan 23.3.2015.

##### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å levera ein prosjektplan innan tekniske tenester i kommunen, inklusiv dei innspela som utvalet la fram i møtet

- Prosjektplanen skal leverast til møtet den 15.4.2015
- Revisor skal nytta «Vegsak i høve Sollia Naustlag» som eit aktuelt case i forvaltningsrevisjonsprosjektet

##### Drøfting:

Deloitte AS har levert forslag til prosjektplan den 25.3.2015. Planen er lagt ved som vedlegg til saka.

**Av forslag til prosjektplan går det fram at føremålet med revisjonen er å:**

Formålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad Bømlo kommune har system og rutinar som sikrar at sakshandsaminga knytt til private reguleringsplanar og dispensasjonssaker er effektiv og i samsvar med sentrale krav i regelverket. Vidare er føremålet å undersøke i kva grad det er etablert system og rutinar for å sikre likebehandling og at habilitetsreglar blir følgt

**Med bakgrunn i føremålet med prosjektet er det formulert følgjande problemstillingar:**

1. Har Bømlo kommune utarbeidd servicemål og rutinar knytt til å sikre god informasjon, rettleiing og service til publikum omkring byggesaker og private reguleringsplaner?
2. I kva grad nyttar tekniske tenester i Bømlo kommune tilbakemeldingar frå brukarar til utvikling av tenestene?
3. Har Bømlo kommune system som sikrar god saksbehandling knytt til private reguleringsplanar?
  - a. Har kommunen utarbeidd tilstrekkeleg med sakshandsamingsrutinar for å sikre likebehandling, kvalitetssikring og at det blir gjennomført habilitetsvurderingar?
  - b. Har kommunen gode rutinar knytt til gjennomføring av oppstartsmøte i plansaker?
  - c. I kva grad etterlever kommunen fristen på 12 veker knytt til førstegongsbehandling av plansaker?
4. Har Bømlo kommune eit tilfredsstillande system for behandling av dispensasjonssaker?
  - a. Har kommunen utarbeidd tilstrekkeleg med sakshandsamingsrutinar for å sikre likebehandling, kvalitetssikring og at det blir gjennomført habilitetsvurderingar?
  - b. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikrar at det ikkje blir opparbeidd eit etterslep i handsaminga av dispensasjonssaker?
  - c. Har kommunen rutinar som sikrar etterleving av sentrale krav i forvaltningslova?
5. I kva grad er det etablert system og rutinar som bidrar til å sikre fokus på etisk reglement innan tekniske tenester i Bømlo kommune?
6. I kva grad er følgjande forhold ivareteke i sakshandsaminga knytt til vegsaka i samband med Sollia Naustlag?
  - a. Er det dokumentert at det blei gjennomført habilitetsvurderingar i saka?
  - b. Er vedtaket grunngjeve i samsvar med krav i forvaltningslova?
  - c. Har partane i saka fått lik informasjon der det er krav om dette?
  - d. Har kommunen gitt rettleiing i saka der dette har blitt førespurt?
  - e. Er det dokumentert at sakshandsaminga er kvalitetssikra?

Sekretariatet meiner at forslag til prosjektplan er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet har gjeve. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med føringar gjeve frå utvalet.

I denne forvaltningsrevisjonen vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvar og gjennomgang av case. Når det gjeld intervju går det fram at det skal gjennomførast intervju av leiar for tekniske tenester og utvalde personar med ansvar for plan- og byggesaksbehandling i Bømlo kommune. Det vert tatt sikte på å gjera eit utval på fire personar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert ein presentasjon i kommunestyret av rapporten.

**Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at forslag til prosjektplan er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet gav i førre møte. Føremål synest å vera i tråd med føringar gjeve frå utvalet. Når det gjeld tal timar vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet godkjenner inntil det timetal som ligg i den føresatte prosjektplanen inkludert ev. presentasjon i kommunestyret.

## **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan Tekniske tenester i Bømlo kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og event. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan.....2015.
3. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
4. Godkjend prosjektplan skal leggjast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utvangen av.....2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Vurdering av habilitet:

I førre møte vart nestleiar Georg Lønning og utvalsmedlem Svanhild Vespestad kjent ugild i saka. Kontrollutvalet tok på nytt stilling til om dei framleis er inhabil til den vidare handsaminga i saka.

Både kontrollutvalet, nestleiar Lønning og Vespestad konkluderer med at dei er inhabil i sak. Lønning og Vespestad trådte til sides når saka vart handsama.

Forvaltningsrevisjonsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte AS presenterte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet godkjente prosjektplanen slik den låg føre.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan Tekniske tenester i Bømlo kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side i byrjinga av november 2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Vedlegg

### 1 Forslag til prosjektplan - Tekniske tenester i Bømlo kommune